



Kyrkjeblad

FOR ÅSKVOLL

Nr. 1 | PÅSKE | 2019 | 96. ÅRG.



*Vi ynskjer alle
ei velsigna påskehøgtid!*





Påskeandakt 2019

I HAGEN

Når vårsola får tak, er det tid for å tenke på hagen med alt som treng gjerast for å skape trivsel og gode opplevingar. I Bibelen er hagen både ein metafor for Guds arbeid for og med menneska, men og ein arena for viktige hendingar og møte. Først høyrer vi om Edens hage der både livsens tre og treet til kunnskap om godt og vondt var planta. Så snart vi har høyrte at det var forbode å ete av treet midt i hagen, skjønar vi at forteljinga at det kom til å skje. Det fine med denne forteljinga er at Herren Gud ikkje gjev menneska opp, sjølv om den gode tilstanden i Paradiset tok slutt.

Ser vi på forteljingane om påska, vil vi lett sjå at hagen er arena for drama og forteljingar om Jesus. Johannes fortel (kap.18) at Jesus tok læresveinane sine over til andre sida av Kedron-bekken. Der var det ein hage, og den gjekk dei inn i. Judas visste at dei brukte å samlast der, så det var lett for han å finne Jesus, slik at vaktstyrken kunne arrestere han. Jesus gjekk open inn i mørkret og let det hende med seg, som mange opplever under mishandling og i tillegg svik og svikt. Han blir jaga rundt om kring frå den eine til den andre og står åleine under alt presset mot han. Mørkret og fortvilninga kan vere tungt å bere for den som vert herja med. Endå verre blir det når ein opplever å kjempe åleine.

Tidleg om morgonen første dagen i veka, medan det enno var mørkt, kjem Maria Magdalena til grava (Joh 20). Gravplassen låg og i ein hage meg mange tre. Maria og dei andre kvinnene som stod Jesus nær, kom for å sjå til grava og salve kroppen til han som dei hadde synt dei så stor kjærleik. Forvirringa og undringa var stor, då dei fann grava tom. Og då Herren Jesus kom Maria til møtes, kjende ho han ikkje att, før ho høyrde han seie namnet hennar. Det er noko gåtefullt over forteljingane i møte med den oppstadne Jesus. At han visste seg med dei sårmerkte hendene var vel både skremmande og tillitsvekkande. Slik er det framleis. For det mørket som han opplevde i hagen skjer framleis, i meir eller mindre grad. Forteljinga om at Jesus stod opp frå dei døde er eineståande. Det nye starta i hagen der Jesus vart gravlagt. Han opna for oss ein veg inn til Paradiset. Mot slutten av Bibelen vert det fortalt om eit syn som Johannes fekk (Joh. Op. 22). Engelen synt meg ei elv med livsens vatn. Midt mellom bygata og elva står livsens tre, fritt til begge sider.

Guds arbeid i hagen held fram. Han kallar oss til å komme den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus i møte når vi samlast til gudsteneste og i vår kvardag.

God påske!

Prost Reidar Knapstad





Ny sokneprest i Askvoll

Bjørgvin bispedømmeråd har 18. mars tilsett Kjell Olav Høstaker Nordheim som ny sokneprest i Askvoll sokn. Han har tidelegare vore tilsett som diakon i Sogndal og er no sokneprest i Stedje og Kaupanger sokn. Her fullfører han konfirmasjonane og tek ut sommarferie, før familien flyttar til Askvoll. Etter planen startar han som sokneprest i Askvoll 12. august og blir innsett i tenesta under gudstenesta i Askvoll kyrkje 18. august 2019.

Prost Reidar Knapstad

Vikarar i Askvoll

Jørgen Grimelid blir prestevikar i Askvoll frå 26. mai til 16. juni og frå 30. juni til 9. august 2019.

Egil Reindal, pensjonert prest, blir vikar for soknepresten i Askvoll frå 29. april til 26. mai.

Han får ansvar for dei fleste konfirmasjonane i Askvoll denne våren.

Årsmeldinga og årsrekneskapen for 2018

Økonomi

I soknerådsmøtet 26. mars vedtok soknerådet årsmelding og årsrekneskap for 2018. Driftsrekneskapen viste eit meirforbruk på kr 72.799,- og investeringsrekneskapen gjekk i balanse. Dette er første gang på fleire år at soknerådet hadde driftsunderskot. Driftsunderskotet kom same år som soknet hadde fått reduksjon i kommunal driftsløyving.

På investeringssida har ein i 2018 hatt eit lågt investeringsnivå samanlikna med tidlegare år, med kun 651.810,- i samla investeringsutgift. Dette skuldast at ein er forsinka med to av investeringsprosjekta. Ved utgangen av 2018 hadde soknet kr 1.624 millionar (inkludert driftsunderskotet) i fondsmidlar, ein nedgang på kr 212.115,- frå rekneskapen i 2017.

Gudstenesteliv og kyrkjeleg aktivitet

Totalt hadde ein 71 gudstenester i 2018, ein nedgang på tre frå 2017, men det var ein auke i gjennomsnittleg tal deltakarar pr. gudsteneste til 64,04, opp frå 57,76 i 2017. Oppslutning til dåp og konfirmasjon er framleis svært høg i Askvoll. Når det gjeld gravferder var talet høgt i 2018 med 50 gravferder, samt to gravleggingar utanfor Den norske kyrkja si ordning.

Med framleis vakanse i trusopplæringsstillinga var det relativt låg trusopplæringsaktivitet med tilbod om fem tiltak fordelt på ulike aldersgrupper. Det var arrangert to kyrjekonsertar i eigen regi, og fire ved eksterne aktørar. Askvoll sokn støttar framleis Det norske misjonsselskapets prosjekt for barn og unge i Thailand. Her kom inn kr 11.201,- i kyrkjeofringar til prosjektet.

Fullstendig årsmelding finn du på våre heimesider www.askvoll.kyrkja.no i vårt dokumentarkiv.

Konfirmantane og Ten Sing Norway

Konfirmantane kom sigande inn i kyrkja, litt usikre på kva som skjer. Sjølv om Erling prest var der som vanleg, så sto det tolv unge ukjende vaksne klar til å ta imot konfirmantane og til å ta dei gjennom tretimarsøkta. Det var ikkje lenge konfirmantane fekk sitte i ro. «Kan du vise di meining og velje mellom vinter eller sommar, mellom cola eller pepsi, pizza eller taco, med meir?» Konfirmantane måtte velje side og på denne måten blei barrierane brotne og undervisinga tok til. Mykje smil og latter blanda seg med viktige tema som dei unge frå Ten Sing Norway sette fokus på.

Ten Sing Norway er ei eiga linje på Rønningen folkehøgskule i Oslo. Dei har som prosjekt å inspirere ungdom og motivere ungdom til å synge å finne ut meir om trua. Dei besøkte Sogn og Fjordane og Ten Sing-kora i Førde og Florø. Samtidig med det hadde dei undervising for konfirmantar i Dale, Førde, Sandane og Askvoll.

Er Bibelen aktuell, er den utdatert, kva står det egentleg der, kva vil det seie å vere i eit felleskap, treng vi reglar og bod og kven var den miskunsame samaritanen? Det vart samtaler, og dramaøving.

Dette vart ein annleis konfirmantkveld i Askvoll kyrkje.

Erling Nydal





Takk til Erling Nydal

Ungdomsprest Erling Nydal har hatt ansvar for konfirmant-undervisninga i Askvoll sokn. Han har berre lovord om samhandlinga med konfirmantane. Sondag 17. mars var alle konfirmantane samla til felles samtalegudsteneste i Askvoll sokn.



Konfirmasjonsgudstenester Våren 2019

Holmedal kyrkje	28. april	kl. 11.00
Askvoll kyrkje	5. mai	kl. 11.00
Vilnes kyrkje	12. mai	kl. 11.00
Bulandet kapell	25. mai	kl. 12.00
Stongfjorden kapell	26. mai	kl. 10.00
Kvammen kapell	26. mai	kl. 12.00





Fjordane

BEGRAVELSESBYRÅ

- ditt byrå i Fjordane


Vi har samarbeid med Lailas Blomster

For meir informasjon sjå vår heimeside

www.fjordan.no

epost: post@fjordan.no

Lindbøen 2	6809 Førde	Vakttelefon 57 82 70 30
Markegt. 42	6900 Florø	Vakttelefon 57 74 31 36
Lailas Blomster		Telefon 57 73 02 95



*Vi er din lokale fagbutikk i kommunen
som leverer alt av blomar
i anledning gravferd:*



- *Kistedekorasjon*
- *Hjerte*
- *Kors*
- *Krans*
- *Bårebukett m.m.*




Vi er og forhandler av gravminne, gravering og rens av stein.



Restaurering av orgelet i Askvoll

Orgelet i Askvoll kyrkje er eit typisk Olsen & Jørgensen orgel, som dei vart bygd frå perioden rundt slutten av 1800-talet. Orgelet i Askvoll er frå 1904, og var opphavleg bygd til Fana kyrkje i Bergen. I 1927 vart det flytta til Askvoll kyrkje.



Eit orgel på over 100 år ber preg av tidas tann, og restaurasjonsbehovet har blitt stadig meir tydeleg. I 2014 hadde vi ei tilstandsvurdering av orgelet, og det vart då tilrådd fullstendig restaurasjon, i og med at det er eit orgel verdt å ta vare på. Det skulle likevel ta fem år frå tilstandsvurderinga før ein hadde midlar til å ta jobben. Forventa prosjektkostnad for restaureringa er på kr. 950.000,- eksklusiv meirverdiavgift. Sjølv om hovuddelen av finansieringa kjem frå Askvoll kommune, er ein svært viktig del av finansieringa innsamla gåvemidlar, konsertinntekter, minnegåver med meir. Heile kr. 250.000,- er innsamla frå private.

Kontrakten for restaureringsarbeidet er inngått med Dietrich Johannes Buder Orgelverksted AS. Restaurasjonsarbeidet tok til i starten av februar og er venta ferdig i slutten av august. I starten av februar vart spelepulten frakta til verkstaden i Bergen, og i slutten av februar henta orgelverkstaden resten av orgelet, som pipeverk m.v. for restaureringsarbeidet.

I perioden orgelet er ute av funksjon er likevel kyrkja i full drift. Ein nyttar eit elektrisk keyboard som erstatningsinstrument.

Hjarteleg takk til alle som har bidrege med gåver, så kyrkjeorgelet no vert sett i perfekt stand igjen.

Spelepulten vart heist ned frå galleriet med dugnadshjelp.



Ein stroppa fast sekkehjul til spelepulten for å frakte denne.



Ein trilla orgelet gjennom Askvoll sentrum, og ned til kaia.



Orgelbyggaren hadde ikkje med bil, så han tok med spelepulten på ekspressbåten til Bergen.



Kirke rottene

KYRKJETEATER!



Torsdag 28. mars hadde vi besøk av Kirkerottene i Askvoll kyrkje. Alle mellom 3 og 6 år i Askvoll fekk særskilt invitasjon, gratisbillett og Kirkerotte-DVD i posten til teateroppsetninga Kirkerottene og Lea Mus, eit teaterstykk med temaet Sauen som blei borte – og blei funnen igjen. Vi sendte ut 111 invitasjonar, og heile 51 barn ifølgje med foreldre og føresette møtte fram til forestillinga i kyrkja denne dagen, og alle hadde ei kjekk stund.

Kirkerottene besøker kyrkjer over heile landet med teaterforestillingar for barn mellom 3 og 6 år. Kirkerotteteateret legg opp ein treårs-syklus, med nytt stykke kvart år, slik at årlige besøk med nytt teaterstykk kan leggjast inn i de lokale trosopplæringsplanene.



Dette er første året vi prøver oss på Kirkerotteteater i Askvoll, og vi har eit mål om å få til årlege framsyningar i Askvoll som del av det faste trosopplæringsopplegget.






BARNAS SIDE

Finn fem feil! Jesus venta på dei på stranda med nysteikt brød og fisk. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?




Fargelegg! Jesus viste seg for læresveinane etter at han hadde stått opp frå dei døde. Peter vart så glad at han hoppa ut av båten!



Teikningar: Kari Sortland

Hjelp ekornet å finne nøttene!

Ekorn er veldig flinke til å gøyme nøtter, men dei er ikkje like flinke til å finne igjen gøymestadane sine. Kan du hjelpe ekornet å finne nøttelageret sitt?



Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Kannibalen var på flytur.
– Har du lyst til å sjå menyen? spurde flyvertinna.
– Nei takk, men eg vil gjerne sjå passasjerlista.

Vitsar

Tre menn snakka saman om merkelege samantreff:
– Kona mi las ei bok om tvillingar, og så fekk ho det, sa den eine.
– Kona mi las ei bok om trillingar og så fekk ho det, sa den andre.
– Hjelp! ropa den tredje. Kona mi sit heime og les Ali Baba og dei 40 røvarane!



Kyrkjevalet 2019



Soknerådet sin nominasjonskomité. Frå venstre: Liv Hushagen, Lillian Oddekalv Gjervik, Ingvild Loftheim, Anne-Birthe Smedvik, Randi Kristin Solhaug (leiar), Jorunn Bull og Karen Anny Espedal (nestleiar). Eva Iren Landøy var ikkje til stades då bildet vart tatt.

2019 er valår også i kyrkja

9. september går vi igjen til valurnene og skal velje sokneråd, bispedømmeråd og Kyrkjemøte. I Askvoll er soknerådet sin nominasjonskomité godt i gang med arbeidet, og skal levere listeforslag innan fristen 30. april.

Etter planen skal innkomne lister formelt godkjennast av valstyret i møte 2. mai, og godkjente lister vert publiserte på Askvoll sokn sine heimesider før 5. mai.

Ein kjem tilbake til både kandidatlistar, kandidatpresentasjon og detaljert oversikt over tider og stader for førehandsrøysting og røysting på valdagen etter kvart. Til kyrkjevalet skal ein på valdagen kunne stemme på dei same stader og på same stader som ved kommune- og fylkestingsvalet.

Kyrkjebladet sitt haustnummer som kjem ut tidleg i august er eit fyldig valnummer. Her vil all relevant informasjon om kyrkjevalet framgå. Dette gjeld både soknerådsvalet og val til bispedømmeråd/Kyrkjemøtet.

Hald deg oppdatert på kyrkjevalet ved å følgje med på vår eiga valside på våre heimesider: www.askvoll.kyrkja.no
Her vert det fortløpande lagt ut nyheiter om kyrkjevalet.

Kor for vaksne

Har du lyst til å synge i kor? Har du sunget før, og har lyst til å ta opp sangen igjen? Liker du å synge eller har du aldri sunget annet enn i dusjen, men har lyst til å prøve korleis det er å synge sammen med andre?

Ta med godt humør og kom til oss!

Vi øver i Askvoll kyrkje kvar torsdag frå kl.18.00 til 20.00.

Bli med oss i eit fantastisk korprosjekt.





Vårkonsert i Askvoll

Laurdag 23. mars klokka 15.00 hadde vi ein fin vårkonsert i Askvoll kyrkje.

Vi hadde gleda av å høyre på fleire flinke musikarar: Anna Henrykowska Michalska på fiolin, Leszek Michalski på klarinett og blokkfløyte, Barbara Ligeza på piano, vår organist Malgorzata Anna Tveit og Askvoll kyrkjekor.

Barbara Ligeza kom til oss frå Polen og er ein veldig dyktig pianist. I tolv år jobba ho som pianosolist i Japan og i mange år har ho jobba bl.a. på musikkhøgskule i Lodz i Polen.

Askvoll kyrkjekor har også imponert oss med repertuaret og nivået sitt. Det er kjekt å sjå at koret veks, og at vi kan produsere så fine konsertar på så høgt nivå her i Askvoll.

Repertuaret vi fekk høyre var veldig fint, variert og krevjande. Dette gjorde konserten til ei flott musikalsk oppleving, og har gjort eit fantastisk inntrykk på publikum.





Salg, montering og service av varmepumper

Ole Andreas Myrstad

www.comfortservice.no

Tlf. 906 32 818

Panasonic
ideas for life



MITSUBISHI
ELECTRIC

 **NOVAPGODKJENT**
FORHANDLER

Isovator
F-gass
Sertifisering 

Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte
hjelpe dykk som pårørende,
med alt som høyrer
ei verdig gravferd til.



Blomstertorget A/S
Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569
www.blomstertorget.no



Kyrkjelydens misjonsprosjekt

Såpemasking og bamse-demonstrasjon

På litt over 30 år har nærmere 1000 jenter søkt tilflukt på Nådehjemmet i Bangkok og fått en ny start på livet i en kritisk og vanskelig livssituasjon. Jentene kan komme når som helst i svangerskapet og være der til etter fødselen.

Denne måneden har jeg vært på Nådehjemmet. Hvilken oase for store og små! Møtet med de unge, skjønne gravide, og de som nettopp har født, gjør inntrykk. Babyene er bare nydelige. Til tross for tøffe skjebner og vonde erfaringer i livet, opplever jeg at jentene er både sterke og stolte.

Hygiene og babystell

Selv om språket oppleves vanskelig har vi hatt et par "leksjoner" om hygiene og babystell. Bamser ble brukt til å demonstrere god og dårlig barnepleie. Jentene skulle gi poeng til den de syntes behandlet bamsebabyen best. Det ble mye «lått og løye» og de fleste kjente seg nok igjen både på godt og vondt. To finske volontører var skuespillere og jeg var programleder og tolk.



Nådehjemmet Foto: Alfhild Steinsbø Hauglid.



Nådehjemmet Foto: Vibecke Møller.

Såpemaskin

Dagene består av ulike aktiviteter. En gang i uka får jentene engelskundervisning. Dette synes de alle er spennende og meningsfullt. En annen dag kommer pastoren i den lokale menigheten for å prate og undervise i Bibelen.

For en stund siden mottok Nådehjemmet en såpemaskin fra et hotell. Nå produseres det såper med ulike dufter og farger, til stor glede for alle. Det er også høy aktivitet med produksjon av perleengler, snøkrystaller og broderte julekort. Dette er virkelig nydelige håndarbeid som bør ligge under mange juletrær i år!

Hagekaféen

Garden Café har hatt en liten renessanse og fått flotte, nye voksduker, små blomsterpotter på bordene og en virkelig god meny. Vi hadde besøk av en folkehøgskole fra Kristiansand nylig, og de fikk servert en herlig, sunn «søtbombe» av en meny. Vakkert pyntet sjokoladecake, banankake og verdens beste kokosfrityrstekte bananer. Drikkevarene var også utsøkte: Knallgrønn leskedrikk, iste og perfekt kaffe. Det var en fantastisk opplevelse. I tillegg ble det storsalg av de håndlagede produktene.

Volontører

For tiden jobber det altså to finske volontører på Nådehjemmet. De har virkelig stått på i kafeen, til alles inspirasjon. For meg har det vært en nydelig opplevelse å være her på dette fredfulle stedet hvor bananklasene henger tungt og ehornene spretter fra tre til tre. Det er fantastisk at disse unge jentene har et sted som Nådehjemmet å komme til.

Med vennlig hilsen,
Vibecke Møller, NMS-misjonær



Velkommen til gudsteneste



ASKVOLL KYRKJE

21. april kl. 12.00

Påskedag ved Jørgen Grimelid.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

5. mai kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Egil Reindal. Offer til Sjelesogsenteret Modum Bad.

17. mai kl. 10.00 ved Egil Reindal.

Offer til Kyrkjelydens Misjonsprosjekt.

9. juni kl. 12.00 ved Jørgen Grimelid. Offer til Søndagskuleforbundet, Bergen.

30. juni kl. 15.00

ved Jørgen Grimelid.

14. juli kl. 15.00

ved Jørgen Grimelid.

28. juli kl. 11.00

ved Jørgen Grimelid.

18. august kl. 11.00 Innsettingsgudsteneste ved Kjell Olav Høstaker Nordheim og Reidar Knapstad.

25. august kl. 15.00

ved Kjell Olav Høstaker Nordheim.

15. september kl. 15.00

ved Kjell Olav Høstaker Nordheim.

29. september kl. 11.00

ved Kjell Olav Høstaker Nordheim.



STONGFJORDEN KAPELL

26. mai kl. 10.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Egil Reindal. Offer til Stongfjorden kapell.

Sjå oppdaterte gudstenestelister på:
askvoll.kyrkja.no



HOLMEDAL KYRKJE

19. april kl. 19.00

ved Jørgen Grimelid. Ikkje offer.

28. april kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Jørgen Grimelid.
Offer til Holmedal bedehus.

17. mai kl. 11.15 ved Egil Reindal.

Offer til Holmedal kyrkje.

2. juni kl. 11.00

ved Jørgen Grimelid.

7. juli kl. 15.00

ved Jørgen Grimelid.

4. august kl. 15.00

ved Jørgen Grimelid.

1. september kl. 11.00

ved Kjell Olav Høstaker Nordheim.



VILNES KYRKJE

31. mars kl. 11.00

ved Jørgen Grimelid. Offer til Norsk Søndagskuleforbund, Bergen.

12. april kl. 13.00

Skulegudsteneste ved Ingvald Frøyen. Ikkje offer.

22. april kl. 11.00

ved Jørgen Grimelid. Offer til Norsk kyrkje i utlandet (Sjømannskyrkja).

11. mai kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Egil Reindal. Offer til Vilnes kyrkje.

30. juni kl. 11.00

ved Jørgen Grimelid.

28. juli kl. 15.00

ved Jørgen Grimelid.

25. august kl. 11.00

ved Kjell Olav Høstaker Nordheim.

15. september kl. 11.00

ved Kjell Olav Høstaker Nordheim.



KVAMMEN KAPELL

18. april kl. 19.00

Skjærtorsdag ved Jørgen Grimelid.
Offer til Kvammen kapell.

26. mai kl. 12.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Egil Reindal. Offer til Kyrkjeblad.

2. juni kl. 15.00

ved Jørgen Grimelid.

7. juli kl. 11.00

ved Jørgen Grimelid.

18. august kl. 15.00

ved Kjell Olav Høstaker Nordheim.

1. september kl. 15.00

ved Kjell Olav Høstaker Nordheim.



BULANDET KAPELL

14. april kl. 11.00

Palmesundag ved Jørgen Grimelid.
Offer til Kyrkjelydsarbeid.

25. mai kl. 12.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Egil Reindal. Offer til Værlandet kapell.

16. juni kl. 10.30

ved Jørgen Grimelid.

14. juli kl. 10.30

ved Jørgen Grimelid.

4. august kl. 10.30

ved Jørgen Grimelid.

8. september kl. 10.30

ved Kjell Olav Høstaker Nordheim.

VELKOMMEN TIL DUGNAD

på Askvoll kyrkjegard
torsdag 29. april kl. 18.00.
Ta gjerne med hageridskap.



Kyrkjelege handlingar



DØYPTE 2018/2019

ASKVOLL KYRKJE

27. januar Johannes Skogedal Gjørøy

BULANDET KAPELL

3. mars Tina Grepstad Kjæmpenes

HOLMEDAL KYRKJE

10. februar Kristine Furevikstrand Høyvik
10. februar Alfred Bjånes Hatlevik
10. mars Kamilla Sæterdal

VILNES KYRKJE

24. desember Emma Iversen Ask
3. mars Elias Noel Inderberg Høvik
døpt i Ålhus kyrkje



GRAVLAGDE

ASKVOLL

14. desember Ester Kvamme f. 1967
1. februar Rolf Andreas Abrahamsen f. 1939
5. februar Ingeborg Eline Nessen f. 1918
26. mars Aud Kari Heggøy f. 1943

STONGFJORDEN

3. januar Ove Wiik f. 1938
4. januar Hallvard Endre Stafsnes f. 1949
1. mars Lillian Vågene (*Bisettelse*) f. 1951
4. april Aslaug Øvrebø f. 1931

VILNES

8. januar Johannes Vilnes f. 1939
10. januar Kjellaug Oliv Vilnes f. 1934

GJELSVIK


5. mars Aud Flokenes f. 1940

Årsmøte 2019 – Askvoll sokn

Det vert årsmøte for soknet (soknemøte)
i Askvoll kyrkje søndag 30. juni
etter gudstenesta kl. 15.00.
Ordinære årsmøtesaker.

Vel møtt,
Askvoll sokneråd





Velkommen til gudsteneste i påska

Palmesundag

kl. 11.00

i Bulandet kapell

Skjærtorsdag

kl. 19.00

i Kvammen kapell

Langfredag

kl. 19.00

i Holmedal kyrkje

Påskedag

kl. 12.00

i Askvoll kyrkje

2. Påskedag

kl. 11.00

i Vilnes kyrkje



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll

KONTAKT OSS



RUNE ZIENER
Dagleg leiar/kyrkjevørje

☎ 479 63 319
✉ kyrkjevørje@askvoll.kyrkja.no



MARIT VEBERG ASK
Kyrkjesekretær

☎ 918 74 724
✉ kyrkjesekretar@askvoll.kyrkja.no

Ny sokneprest i Askvoll
kjem 12. august.
Kontakt kyrkjekontoret
ved behov for prest.

VAKANT



MALGORZATA ANNA TVEIT
ORGANIST

☎ 951 84 429
✉ organist@askvoll.kyrkja.no



INGVILD LOFTHEIM
Prosjektmedarbeidar

☎ 459 72 419
✉ konsulent@askvoll.kyrkja.no

No kan du betale for
kyrkjebladet på sms

Send **BLAD**
på sms til **2380**

(200 kr.)

ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll
Telefon: 918 74 724 · e-post: post@askvoll.kyrkja.no
Heimeside: www.askvoll.kyrkja.no
Facebook: www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll



Kontortid: Tysdag til torsdag kl. 09.00 – 15.00 Fredag kl.: 10.00 – 14.00

Kyrkjebladredaksjonen: Rune Ziener (ans. red.), Marit Veberg Ask.

Leiar Askvoll sokneråd: Jostein Gryte, tlf. 909 38 382